



Radøy kommune - teknisk forvaltning  
Line Hervig

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/965 - 14/3209

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

28.03.2014

## Byggesak Gbnr.45/208 Manger - tilbygg soverom - uttale

Lensmannsbruket Solhaug låg opprinnleg under prestegarden. Lensmann Heiberg fekk feste på dette bruket i kring 1858, og det var i denne perioden han flytta ned det såkalla Stibolthuset til denne eignedomen. I 1892 vart bruket skilt frå prestegarden som eige bruk. Det våningshuset som er søkt påbygd skal vera bygd som pensjonat på dette lensmannsbruket på slutten av 1800-talet, sannsynlegvis etter at bruket vart frådelt, av søstrene til dåverande lensmann Nils Heiberg. Det var berre pensjonat i ein kort periode, og har seinare vore nytta som bustadhus for mellom andre distrikslækjar Bernt Høygaard og styrar på fylkesskulen Lars Raunholm. Huset har såleis ein interessant historie, og ein kulturminneverdi knytt til dette. Kulturminneansvarleg meiner difor at huset bør takast vare på og at eventuelle endringar bør gjerast på ein skånsom måte.

Dei omsøkte endringane ser ut til å vera i stil med resten av bygget, og tilbygget er også plassert på "baksida" av huset. Kulturminneansvarleg har difor ingen merknader til tiltaket utover at ein må ta omsyn til resten av bygget når det gjeld val av material, vindauge, dør og tak.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik  
arkivleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakere:**

Radøy kommune - teknisk  
forvaltning